

23.02.2015

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorst
0301 OSLO

Høyringsfråsegn: Anga Kraft SUS reg.nr.: 5873 og saksnr.: 200903948 Søknad om konsesjon for bygging av Anga kraftverk i Førde kommune.

Vi viser til NVE sitt høyringsbrev av 19.11.2014 og til konsesjonssøknaden med vedlegg som vi har fått tilsendt i papirformat frå søkjar. Fråsegna vår er basert på søknaden, informasjon frå databaser/internett t.d vann-nett.no, samtaler med lokalkjende og eigen kunnskap om og bruk av området.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 6.081. Anga kraftverk ligg i Indre Sunnfjord Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://www.istur.no/>

Om friluftsliv i området:

Omsøkte kraftverk ligg nær Førde by, i eit blandingslandskap av småindustri og moderne kulturlandskap. Sjølve elvestrengen som vert påverka av kraftutbygging er lite tilgjengeleg og har ikkje samband med turstiane i området. Det går fleire turstiar og -veggar frå dalføret opp i sidene. Desse vert lite påverka av ei utbygging, men det bør sikrast ei god minstevassføring i elva av omsyn til landskap og biologisk mangfald. Angedalen er eit av nærområda og mykje nytta til friluftsliv.

Samandrag:

Turlaget er nøgd med at NVE vurderer samla verknad for dei 12 omsøkte konsesjonane! IST har eit godtsamarbeid med grunneigarane i regionen og grunneigarane i Angedalen er ikkje noko unntak. Anga kraftverk er ikkje blandt dei mest konfliktfylte søknadane i denne «pakken».

Positivt er at konsesjonssøklar planlegg slukeevne på 157% av middelvassføringa. Dette sikrar nokre fleire dagar med større vassføring i elva. Minstevassføringa om sommaren bør minimum vere 5-persentil sommar. Særleg med omsyn til at elva har relativt grovt bunnsubstrat meiner vi dette må til for å sikre både vassmengd og vasspeil i vassdraget og at tilsiget frå restfeltet er periodevis svært lågt.

Økologisk tilstand i vassdraget er sett til moderat (låg produksjon) og kjemisk tilstand er moderat grunna høge verdiar av enkelte tungmetall (bly, www.vann-nett.no). Vassdirektivet har som føremål og sikre minst god økologisk og kjemisk tilstand i alle vassførekomster. Tilførsel av vatn frå sideelver i påverka strekning er svært periodisk, og vil såleis ikkje fullt ut kunne kompensere for søknad om lågare minstevassføring om sommaren.

I tillegg til auka minstevassføring vil vi oppmode om at det vert nytta Coanda eller Fossekalen inntak og omlaupsventil av omsyn til anadrom fisk, ål, utsett laksesmolt og brunaren i elva.

Parvise predatorsikre hekkedasser for fossekall bør oppsettast på eigna stader.

Kommentarar til utbyggingsplanane:

2.1 Hovuddata: Ei slukevne på 157% er ei nesten gamaldags vassutnytting og konsesjonssøklar har herved sjølv vektlagt betydningen av vassføring i Anga. Tala for alminneleg lågvassføring er 110 l/s, 5-persentil sommar 1,71 m³/s og 5-persentil vinter 0,89 m³/s.

2.2.5 Vassveg: Røyrkata er tenkt nedgravd i heile strekningen med ein total diameter på 2,6 meter. At ein i anleggsfasen treng ein trase med 20 meter breidd stiller vi oss undrande til, og meiner ein bør finne røyrsystem og maskiner som treng mindre areal. Dette er ein generell utfordring i høve mange småkraftverk.

2.2.6 Kraftstasjon: Det er viktig at denne vert godt støydempa av omsyn til fastbuande i Eplehagen og for anna fri ferdsel i området.

2.4 Fordelar og ulemper ved tiltaket:

Fordelar: Det ville vore ein fordel om ein gitt prosentdel av inntektene måtte nyttast til å styrke lokal landbruksdrift, landskapsskjøtsel og busetting.

Ulemper: Redusert vassføring i fleire strekningar av elva Anga og truleg langt fleire elvestrekningar i Sunnfjord vil gje ein auke i samla belastning på naturmangfold knytt til vassdrag. Vi meiner at ein auke i minstevassføringa sommar til ordinær 5-persentil vil vere eit rimeleg avbøtande tiltak.

2.6. Forholdet til offentlege planar og nasjonale føringar.

Fylkes-/kommunal plan for småkraftverk: Kvamsfossen nedstrøms inntak er i planen nemnd som eit viktig landskapselement. Auka minstevassføring sommar kan avbøte fråfall av vatn her.

EU's vassdirektiv: Føremålet med dette er å få økologisk og kjemisk tilstand i alle vassførekomster opp til minst GOD tilstand. Etter registrering i www.vann-nett.no er både økologisk og kjemisk tilstand i Anga sett til MODERAT pr. no, viser til vassførekomst Angedalselva: <http://vann-nett.no/portal/Water?WaterbodyID=084-132-R>

Vassføringsregime bør ta omsyn til dette.

3. Verknad for miljø, naturressurser og samfunn:

3.1 Hydrologi

Restvassføring: 5-persentilen for sommar er 1,71 m³/s, denne bør vere eit minimum. Q95 eller 5-persentilen er altså den vassføringa som overskrider 95% av alle dagar i både sommar- og vinterhalvåret. Det er altså ikkje så mykje vatn det er snakk om! I tillegg er topografien i sjølve elva avgjerande for korleis eller om dette vatnet vert synleg og for straumen i elva.

3.5 Raudlistearter

Det er såkalt ikkje påvist raudlisteartar i influensområdet, men det er tidlegare fanga 7 ål her og det er registrert ål oppstraums Prestefossen, ved høve opp til Høgefossen.

Oter trekk sannsynleg opp i vassdraget om hausten når temperaturen fell under null, på matauk. Strandsnipe er og truleg ein del av artsinventaret her, sjølv om den ikkje vart registrert i felt 21.september.

Akvatiske forhold:

Ved spesielle høve, ved stor vassføring går det anadrom fisk opp til Hjellefossen.

(kilder: Bioreg, Førde JF, Jostein Tefre, J. A. Gladsø FM, Tore Larsen FM, Artsdatabanken)



3.6 og 3.7 Flora og fauna og landskap

Det er ikkje enkelt å forestille seg korleis elvane vert sjåandes ut etter samløp Stoelva og Anga og med minstevannføring som omsøkte på 110 – 150 l/sek. + restvatn. Anga deler seg i fleire løp av ulik storleik. Kva betyr minstevannføring her og kva kan ein forvente av gjengroing her. For Anga har denne delinga med sikkerheit ein viktig effekt på vanntemperaturen, som nemnt før, der elva delar seg og kan verte varme opp gjennom sin ferd ned mot anadrom strekning. I området mellom samløpet Stoelva og Øyastølen er eit kompleks elvevirvar som vert påverka. Effekten av minstevassføringa her er nok dramatisk! Det er svært sjelden at ei elv forgreningar seg så som her. Gjengroing, vil mest truleg raskt få enkelte av dei elveløp der ikkje minstevassføringa rekk til, finne stad. Landskapet vil verte tydelegare skogkledd, i dei tørreste elveløp.

Det vil og vere, som konsekvens av minstevassføring mindre vatn som er synleg i elveleia, avhengig av botnstrukturen den enkelte strekninga av elva.

I kapitlet om landskap vil søkjar ha området som vert brukt til røyrkata ”tilbakeført til naturleg tilstand”. Underteikna vil nok tolke dette som at kun buskvegetasjon får etablere seg. Trevegetasjon er ikkje ynskjeleg. Ein vil såleis og i framtida godt kunne sjå røyrkata traseen.

3.9 Landskap:

Etter anleggsperioden vert landskapet som før, men vegetasjonen vert endra, særleg om røyrkata under anlegg vert 20 meter brei. Der det er kantsoner med busk- og trevegetasjon som i skogsholt vil såra etter anleggsgata verte synlege lenge. I tillegg ønsker ein ikkje grovare rotsystem over røyrkata, slik som tre. Det vil verte eit ope vegeatsjonsspor landskapet også over tid.

3.13 Ferskvassressursar:

Elva har for økologisk tilstand MODERAT status, grunna låg produksjon av bunndyr og fisk. Tilsig i restfeltet er periodevis svært lågt.

4 Avbøtande tiltak

Auka minstevassføring lik minimum 5-persentil sommar 1,71 m³/s.

Coanda eller Fossekallen inntak. Omlaupsventil i høve ål, anadrom fisk. Predatorsikre hekkekassar for fossefall, parvist oppsett på naudsynte stader.

Grunna omfanget av søknader og utbyggingstakt generelt meiner vi ein må ta omsyn til biologisk mangfald og samla verknader ved å sikre produksjonen i elva og elvestrengen som leveområde på best mogleg vis.

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Naturvernutvalet i Sogn og Fjordane Turlag går ikkje i mot at ein gjev Anga kraftverk konsesjon under føresetnad at naudsynte, føreslegne avbøtande tiltak vert sett.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 480 20 532, E-post: elisabeth@fnf-nett.no

Venleg helsing

for SOGN OG FJORDANE TURLAG

Naturvernutvalet

Elisabeth Dahle (sign.)

